



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Lars Kringstad, 71 25 84 50

Rauma kommune. Søknad om utsett byggefrist for kraftverka Morgådalselva, Rabbelva og Loftdalselva. Fråsegn.

Grøvdal Kraft AS fekk stadfesta konsesjon for desse tre kraftverka 20.10.2017. Det blir no søkt om 5 år fornya frist for igangsetting av kraftverka. Bakgrunnen for dette er at prosessen med nettavklaring for prosjekta har vore tidkrevjande grunna uavklarte forhold rundt nettkapasitet. Det har også vore gjennomført jordskifte for å avklare eigarskapet til prosjekta.

NVE har sendt søknaden på avgrensa høyring. Det blir bede om tilbakemelding på om det har oppstått nye forhold som kan ha betydning for saka sidan den vart behandla i 2015.

Våre merknader

Morgådalselva

Vi kjenner ikkje til nye naturfaglege registreringar (Naturbasen, Artsdatabanken) i området etter 2015. I vår fråsegn til søknaden peika vi på at sjølva vasstrengen var lite undersøkt. Det kan ligge ei usikkerheit her. Det er elles viktig at ein gjennom detaljplanlegginga tar særleg omsyn til den registrerte edellauvskogen.

Rabbelva

Statsforvaltaren hadde i utgangspunktet motsegn til alternativ A. Det vart seinare gitt konsesjon til eit justert alternativ B, som vi rådde ifrå med bakgrunn i dei landskapsmessige konsekvensane. Når det gjeld naturverdiane for dette alternativet er røyrtaséen lagt utanom ein registrert naturtype «gamal fattig edellauvskog». På vår synfaring observerte vi alm og hasselskog opp mot kote 300 og reiste spørsmål om avgrensinga av naturtypen er riktig. Det er heller ikkje avklart kor langt ned mot elva den øvste delen av edellauvskogen går. Her ligg det framleis ei usikkerheit. Gjennom detaljplanlegginga må dette avklarast nærare. Vi kjenner elles ikkje til nye naturfaglege registreringar (Naturbasen, Artsdatabanken) i tiltaksområdet etter 2015.

Loftdalselva

Statsforvaltaren hadde først motsegn til utbygginga, men etter justering av prosjektet vart motsegna trekt. Vi rådde likevel ifrå søknaden. Når det gjeld naturverdiane bygger vedtaket på dei faglege

registreringane (Sweco Norge) som vart gjort i samband med søknaden. I tillegg vart m.a. opplysningar frå Naturbasen og Artsdatabanken nytta. Etter det vi kjenner til er det ikkje kome inn nye naturfaglege registreringar i tiltaksområdet sidan konsesjonsbehandlinga. Etter at prosjektet vart justert vil terrenginngrepa i øvre del av tiltaksområdet vere klart mindre. For kløft- og fossesprøytoområdet vil likevel redusert vassføring vere negativt. Naturtypen er registrert som lokal verdi C, men som vi tidlegare har påpeikt kan det vere eit mogleg potensiale for førekomstar av sjeldne og truga lav og mosar i bekkekløfta og fossepartiet. Dette burde ha vore undersøkt nærare.

Oppsummering

Vi kjenner ikkje til nye naturfaglege registreringar i områda knytt til desse utbyggingsprosjekta etter planprosessen i 2015. Vi viser elles til merknadene over og føreset at dei registrerte naturverdiane i desse prosjektområda blir tatt omsyn til på ein best mogleg måte gjennom detaljplan for miljø og landskap.

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)
fagleiar

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.